

2024-2025



# Konfirmant

Førde  
Haukedalen  
Holsen  
kyrkjer



## Ei viktig tid – eit viktig val!

Det er berre eit år til ein høgtideleg dag i livet ditt.



Neste år kan du feire konfirmasjonsdagen din i kyrkja.  
Velkomen som konfirmant i  
Førde, Holsen eller Haukedalen kyrkje!

I konfirmanttida er det rom for å utforske mange viktige sider av livet saman med andre. Som konfirmant får du lære meir om deg sjølv, om tru, om Gud og om den verda du er ein del av.

### **KVA ER KONFIRMASJON?**

Ordet konfirmasjon kan tyde både «å stadfeste» og «å gjere sterk». Konfirmasjonen er ei påminning om at Gud i dåpen sa ja til å vere ein del av ditt liv. I bøna i konfirmasjonen ber vi Gud om å velsigne deg og styrke deg på vegen din vidare i livet.

Det viktigaste med konfirmanttida er å vere ein del av eit fellesskap og bli betre kjent med den kristne trua.

### **EI KONFIRMANTTID FOR ALLE**

Alle har rett til ei god konfirmanttid uansett funksjonsevne. Om det trengst individuell tilrettelegging, ta det opp på konfirmantsamtalen, evt. ta kontakt med den konfirmantansvarlege, (sjå kontaktinfo på baksida) slik at vi kan finne dei gode løysingane for dykk.

### **EG ER IKKJE DØYPT – KAN EG KONFIRMERAST?**

Du er velkomen til å delta i konfirmantopplegget sjølv om du ikkje er døypt. Dåpen er ein føresetnad for å delta i den avsluttande konfirmasjonsgudstenesta. Kwart år er det fleire konfirmantar som blir døypte.



## Avtale



Kyrkjelyden ønskjer at konfirmanttida skal vere ei god og lærerik tid for alle konfirmantane, fylt med fine opplevingar, erfaringar og kunnskap til å ta med seg vidare i livet. For at tida skal bli best mogleg, avtalar vi på førehand kva vi kan vente av kvarandre.

### **Av konfirmantleiarane i kyrkjelyden kan de vente at:**

- vi bryr oss om konfirmantane.
- vi gjer vårt beste for at konfirmanttida skal vere lærerik og minneverdig.
- vi, saman med konfirmantane, lagar god undervisning og flotte aktivitetar.
- vi sender ut informasjon i god tid.
- vi svarar på e-post, telefon og sms.

### **Av konfirmanten venter vi at:**

- du deltek på alle samlingar og aktivitetar, inkl. minst 8 gudstenester i løpet av konfirmanttida.

- du møter presis til timane og tek med konfirmantboka (som du får av oss) og skrivesaker.
- foreldra melder frå når du er forhindra frå å kome.

### **Av dei føresette ventar vi at:**

- de hjelper til med to foreldreoppgåver.
- de møter på foreldremøta.
- de sender skriftleg melding til konfirmantlæraren på førehand dersom konfirmanten er nøydd til å vere borte frå ein del av opplegget.
- de følgjer opp og støttar konfirmanten.

Gudstenestene som inngår i konfirmantopplegget, er opne for alle, og de er hjarteleg velkomne.

## Konfirmant opplegget



Vi har nokre samlingar på Førde kyrkjetun på ettermiddag i løpet av året. Datoane for heile konfirmantåret vil de få i august. Under her ser de ei oversikt over dei samlingane som kjem i tillegg til ettermiddagssamlingane.

### **TUR TIL NESHOLMEN 21.-22. SEPTEMBER**

Vi reiser til Nesholmen leirstad i Hyen. Vi deler konfirmantkullet i to, og har ein heil dag saman med kvar gruppe. Det vert aktivitetar inne og ute.

### **KONFIRMANTFESTIVAL 19. OKTOBER**

Festivalen er eit dagsopplegg med formidling, sceneshow, cup og aktivitetar ute og inne. Alle konfirmantane i Sunnfjord regionen vert invitert.

### **LEIR PÅ LYGMO I MARS**

Nytt av året er at alle konfirmantane skal på ein leir på Lyngmo i mars. Vi deler kullet på to helger i mars. Her vil det vere mogleg å stå på ski, men det vil og vere alternative aktivitetar. (Det vil bli eit alternativ til dei som ikkje ynskjer å reise på leir.)

### **FASTEAKSJONEN 6. APRIL**

Kvart år samlar konfirmantane i Førde, Holsen og Haukedalen inn pengar til Kirkens Nødhjelp sin fasteaksjon. I 2023 vart det samla inn om lag 100.000 kr. Dette er ein dag der alle konfirmantane, og mange foreldre, er med.

### **KLUBBKVELD**

Alle konfirmantane skal i løpet av året vere med på ein klubbkveld på Kyrkjetunet. Det vert spel, leik og formidling med meir.



## Guds- tenester



Som konfirmantane skal du vere på minst 8 gudstenester (inkludert dei obligatoriske gudstenestene) i løpet av konfirmasjonstida. Du kan gå på gudstenester i Den norske kyrkja kvar som helst i landet.

### PRESENTASJONS- GUDSTENESTER

Konfirmantane vert presenterte for sin kyrkjelyd på ei gudsteneste.

Denne gudstenesta er obligatorisk for alle!

#### **Haukedalen kyrkje:**

18. august kl. 19:00

#### **Førde kyrkje:** 1. september

Fusk: kl. 11:00, Halbrend: kl. 13:00

#### **Holsen kyrkje:**

1. september kl. 11:00



### LYSMESSE DESEMBER

Dette er ei stemningsfull gudsteneste der konfirmantane deltek i gudstenesta.

Denne gudstenesta er obligatorisk for alle.

#### **Haukedalen kyrkje:**

8. desember kl. 16:00

#### **Holsen kyrkje:**

8. desember kl. 19:00

#### **Førde kyrkje:**

18. desember eller 19. desember

### TEMAGUDSTENESTE

#### **VÅREN- 25**

Dette er ei gudsteneste der Kirkens Nødhjelp sin fasteaksjon står i fokus. Her får foreldre, fadrar, kyrkjelyden og andre ein «smakebit» på kva konfirmantane har lært om fasteaksjonen.

Denne gudstenesta er obligatorisk for alle konfirmantane.

## Teneste- oppgåve



Ein viktig del av konfirmantåret, er at konfirmantane sjølv erfarer at dei er ein del av kyrkjelyden. Her kan konfirmantane velje kva dei ynskjer å vere med på. På trusopplæring/diakoni vil det vere avgrensa plass.

### **GUDSTENESTE**

Gjennom å delta i ei gudsteneste vil konfirmantane sjølv erfare at dei er ein del av kyrkjelyden. Når konfirmanten har oppgåve i gudstenesta, har foreldra med ei platekake, og hjelper til på kyrkjekaffien etter gudstenesta.

### **SPELE ELLER SYNGE**

Dersom du liker å spele eit instrument, eller liker å synge, kan du vere med å bidra anten på gudsteneste, eller eit anna arrangement.

### **TRUSOPPLÆRING ELLER DIAKONI**

Her kan konfirmanten bli kjent med kyrkjelyden gjennom å vere med på ein trusopplæringsaktivitet for born 0-12, eller vere med på eit diakonalt tiltak.

## Økonomi



Konfirmantåret kostar **3000,-**

Dette er inkludert i avgifta: Dagstur til Nesholmen inkl. reise, konfirmantfestivalen inkl. reise, leir på Lyngmo inkl. reise og heiskort, leige av konfirmantkappe.

Om nokon treng økonomisk støtte, bed vi deg ta det opp på samtalen i juni, eller ta kontakt med den ansvarlege for konfirmantåret.

Vi har av og til konfirmantar frå andre kyrkjesamfunn som deltek i deler av, eller heile, konfirmantåret. De er hjarteleg velkomne til å vere med. Ta kontakt for praktiske og økonomiske avklaringar.

## Foreldre/ føresette



For å gjennomføre konfirmantåret er vi avhengige av foreldre/føresette. De får difor to oppgaver som vi treng dykkar hjelp til.

Set opp **tre** ynskje i prioritert rekkefølge i påmeldingsskjema. (Du får berre to oppgaver å utføre.)

I tillegg til desse, kjem vi til å spørja nokon av dykk om å bake ca 30 bollar til Nesholmenturen eller fasteaksjonen. Og dersom konfirmanten har oppgåve i gudsteneste, vil vi be foreldra om å hjelpe til på kyrkjekaffien.

Om nokon har særskilde behov når det gjeld foreldreoppgåvene, må de skrive det inn i kommentarfeltet i påmeldinga.

### **1: VERE MED PÅ LEIR PÅ LYNGMO**

For at vi skal kunne gjennomføre leir er vi avhengige av at nokre foreldre kan vere med heile eller deler av leiren.

### **2: VERE MED PÅ TUR TIL NESHOLMEN SEPTEMBER**

Vi treng foreldre som kan vere til Nesholmen og hjelpe til med ulike praktiske oppgaver der.

### **3: VAKT PÅ KONFIRMANTFESTIVALEN 19. OKTOBER**

Vi treng foreldre som kan vere vakt på konfirmantfestivalen i Gaularhallen i oktober. Her vil det vere behov for foreldre til praktiske oppgaver.

### **4: KØYRING TIL FASTEAKSJONEN 6. APRIL**

Vi treng mange sjåførar denne dagen som kan køyre konfirmantane til dei ulike stadene dei skal samle inn pengar.

### **5: PRAKTISK HJELP PÅ KONFIRMASJONSDAGEN**

Vi treng foreldre som kan vere med og hjelpe til med konfirmantkappene og gåveposane på Førde Kyrkjetun ein av konfirmasjonsdagane ein sjølv ikkje har konfirmant.

Om det er nokon som er tilsett i Firda billag og kan køyre buss til Nesholmen, festival eller leir er det flott! Meld evt. frå om det i påmeldinga.



# Påmelding til konfirmant året



Vi ynskjer at de melder dykk på konfirmantåret elektronisk. Om nokon har vanskar med det, bed vi dykk ta kontakt med kyrkjekontoret for hjelp eller manuell påmelding.

## PÅMELDING

Gå inn på [minkirkeside.no/Sunnfjord](http://minkirkeside.no/Sunnfjord)

Hugs og vel riktig sokn: Førde eller Holsen/Haukedalen

Etter påmeldinga vil du få ein e-post som stadfestar påmeldinga.

## KONFIRMANTSAMTALE PÅ FØRDE KYRKJETUN

Etter at du har meldt deg på konfirmantåret, må du kome på konfirmantsamtale i juni saman med ein eller begge føresette. Om dag/tid ikkje passar, kan du byte til ein av dei andre klassane.

10. juni kl. 16:30 8A Fusk,	kl. 17:30 8B Fusk,	kl. 18:30 8C Fusk
12. juni kl. 16:30 8D Fusk,	kl. 17:30 8A Husk	kl. 18:30 8B Husk
13. juni kl. 16:30 8C Husk,	kl. 17:30 8D Husk	

## KONFIRMASJONAR 2025

4. mai kl. 10:00 9A Fusk	10. mai kl. 10:00 9C Fusk
4. mai kl. 12:00 9B Fusk	10. mai kl. 12:00 9D Fusk

25. mai kl. 10:00 9A Husk	29. mai kl. 10:00 9C Husk
25. mai kl. 12: 00 9B Husk	29. mai kl. 12:00 9D Husk

11. mai kl. 11:00 Holsen	29. mai kl. 11:00 Haukedalen
--------------------------	------------------------------

### **Kontakt oss:**

Heimeside: [kyrkja.no/forde](http://kyrkja.no/forde)

E-post: [post.forde@sunnfjordkyrkja.no](mailto:post.forde@sunnfjordkyrkja.no)  
eller [heidi.styve@sunnfjordkyrkja.no](mailto:heidi.styve@sunnfjordkyrkja.no)

Tlf.: 57 82 81 80

Konfirmantansvarleg: Heidi Voltersvik Styve

